



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato
23.06.2016
Dykkar dato
21.04.2016

Vår referanse
2016/1289 730
Dykkar referanse
14/367

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune -Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak 2016

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysningsbrev dagsett 02.03.2016, samt kommunen sin søknad av 21.04. 2016.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunens eigen prioritering. Vi vil gjere merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i høve innovasjons søknader.

Tildeling av tilskot for 2016

Fylkesmannen tildeler samla tilskot på **2 521 970 kroner** til Lindås kommune til kompetanse- og innovasjonstiltak og BPA. Sjå vedlagt vedlegg.

Regler for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalta når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake utflyt stadfestingsskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast

Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell om disponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til

Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapet for tilskotet skal først separat, skilt frå det kommunale rekneskapet, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løvvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

Krav til rapportering på at mål er nådd:

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendast oss elektronisk, og rapporteringsskjema finn de på våre nettsider. Det skal fyllast ut to rapporteringsskjema, eit skjema for heile tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2016
- For innovasjonsprosjekt er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- For innovasjonsprosjekt er det krav til revisorkontroll når tilskotet er meir enn kr 100 000

Frist for rapportering er 01.03.2017. E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Ytterlegare krav til rapportering:

Forskningsrapportar og annan dokumentasjon frå innovasjonsprosjekt under denne tilskotsordninga skal sendast:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, postboks 191, 2802 Gjøvik
E-post: kommunikasjon@omsorgsforskning.no

Med helsing

Sjur Lehmann
ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Beate Helland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:
Tilskotsoversikt
Stadfesting
Regelverk for kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot

